



Arkivnr: 2014/10495-12

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-----------------|--------|----------|
| Kontrollutvalet | | |

Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon - Forslag til plan

Bakgrunn:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak om plan for forvaltningsrevisjon i møte 13.06.12:

1. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken med følgjande endring: Forvaltningsrevisjon av beredskapsarbeid i vidaregåande skular vert flytta til gruppe 1 –prioritert gruppe.
2. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2008-2012.
3. Planen gild for resten av valperioden, 2008-2015, og fram til ny plan etter intensjonen vertvedteken i 2016.
4. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal reviderast og evaluera minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av forvaltningsrevisjonar til fylkestinget minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for fylkestinget etter kvart.

På bakgrunn av punkt 5 i vedtaket gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i sak 10/14 i møte 17.2.2014:

1. Kontrollutvalet bestiller rullering av plan for forvaltningsrevisjon, frå Deloitte AS. Arbeidet skal samordnast med rullering av plan for selskapskontroll og skal gjennomførast med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den føreslalte prosjektplanen.
3. Kontrollutvalet ønskjer at prosessmøte i samband med dette arbeidet skal gjennomførast i møte 24.03.2014.
4. Kontrollutvalet sine medlemmar vert bedne om å tenke i gjennom til dette møtet, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i fylkeskommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planen.

Det vart gjennomført prosessmøte i møte i kontrollutvalet 24.3.14 der utvalet aktivt deltok i evalueringa ved at dei føretok ny prioritering av prosjekta på bakgrunn av analysearbeid Deloitte hadde gjort før møtet. Det kom også fram innspel til nye prosjekt i møtet. På bakgrunn av prosessmøtet vart det gjort slikt vedtak:

1. *Deloitte vil redigere evaluert plan for forvalningsrevisjon i tråd med det som kom fram i møtet.*
2. *Forslag til redigert plan og analyse skal sendast sekretariatet innan 9.04.2014 med tanke på endelig vedtak i neste møte i utvalet.*

Drøfting:

Den reviderte planen er no motteke og ligg ved saka. Det går fram av planen at i prioritert gruppe er desse 13 prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. Rusførebyggande arbeid
2. Drift og vedlikehald av fylkesvegar
3. Regionale utviklingsmidlar (RUP)
4. Skuleskyssordninga
5. KOSTRA-rapportering
6. Tryggleik og beredskap
7. Vurderingsarbeidet i vidaregåande skular
8. Oppfølging av minoritetsspråklege elevar
9. Inntektskontroll knytt til Skyss og billetteringssystem
10. Arbeid med regionale planar
11. Offentlege innkjøp
12. Forvaltinga av kunst og verdifulle gjenstandar som er i fylkeskommunal eige
13. Arkivering, journalføring og offentligheit

Vidare går det fram av planen at det i uprioritert gruppe er sett opp 13 andre prosjekt.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet godkjenner den reviderte plan for forvalningsrevisjon 2012 – 2016 og at den vert send fylkestinget til orientering.

Forslag til vedtak

1. Revidert plan for forvalningsrevisjon 2012 – 2016 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Revidert plan for forvalningsrevisjon 2012 – 2016 vert å senda fylkestinget til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Revidert plan for forvalningsrevisjon 2012 - 2016